



KYSTPASS 2025

30 RAMSALTE TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

FRILUFTSLIVETS ÅR
2025



Alle turane er tilgjengeleg
på engelsk på [UT.no](https://www.ut.no)

Naturopplevingar for livet!

Sotra Øygarden Turlag





@ f FØLG OSS



Støtt gjerne arbeidet med Kystpasset.
Bruk vippsnummer:

689652

Merkast "Kystpass2025"



GRIP SJANSEN!

Kunne du tenke deg å bruke meir tid på friluftsliv? Treng du ein ekstra dytt for å kome i gang? I år er det Friluftslivets år. Me vier eit heilt år til å motivere endå fleire til å kome seg ut og nyte alt det gode friluftslivet har å by på. Kva er friluftsliv, eigentleg? Nokon tenkjer stort og tenkjer at ein nesten må ha ein eigen avdeling i heimen som bugner av friluftsutstyr, andre klarar seg med eit par jogglesko som brukast til ein liten nærtur i skogen bak huset.

Uansett korleis ein tolkar friluftslivet, så er det éin viktig fellesnemnar: det å kome seg ut. Det ligg i namnet "friluftsliv". Me søker etter fri frå kvardagens mas og jag, treng luft og kjenne på at me lever. Me har behov for ekte naturopplevingar, som veg opp mot alle dei kunstige inntrykka me får på skjermene våre. All forskning tyder på at det å kome seg ut har gunstige effektar på oss. Les meir om dette på sida her i Kystpasset som handlar om Friluftslivets år.

Det er 10 år sidan sist det var friluftslivets år. Då var mine barn i barnhagealder.

Det var ein hektisk kvardag heime, der me dagleg snubla over legoklossar, briotogbanar og puslespel som aldri vart heilt ferdige. Då Friluftslivets år kom i 2015 bestemte me oss for å ta flokken med oss ut. Me sat som mål å gå 100 turar på eitt år, og for at det ikkje skulle bli kjedeleg måtte me variere turane. Me oppsøkte tips og råd om det enkle friluftslivet, og dykka meir og meir inn i friluftslivet etterkvart som barna vart vane med å gå lengre turar. Me merka kjapt at me fekk meir energi og overskot. Friluftslivet gav oss så mykje positivt som familie. Det vart så viktig for oss at eg ville dele dette vidare med min omgangskrets. Då vart min retning i friluftslivet vinkla mot mitt frivillige verv i DNT, og etterkvart styreleiarverv. Me ser at Kystpasset er ein god start for mange for å kome i gang med friluftslivet. Grip sjansen til å utforske friluftslivet endå meir i år. Meld deg inn i DNT. Ta med deg venner og familie ut og oppdag eventyret som ventar der ute!

Beste helsing
Heidi Reisegg Endal,
Styreleiar i **Sotra Øygarden Turlag**

INNHALD

2. Leiarinnlegg
4. Friluftsliv er folkehelse
5. Bua Øygarden
6. Rett til fri ferdsel ja, men...
7. Bålbrenning og Turvett
8. **OPPLEV ØYGARDEN**
9. Fritidsfiske
10. Tur i jaktseasonen
11. Bli frivillig
12. UT.no
13. Miljøvettreglene

TURAR I KOMMUNEN

15. Utsikta i Sundskogen
17. Vetebu
18. Storevarden
19. Austefjorden / Håkonsund
20. Gåsavatnet
22. Selekletten
23. Grana "Livets portal"
24. Brotavarden
25. Haganesfjellet
27. Høgafjellet
28. Liatårnet frå Haganes
29. Pyttane
30. Skinntikkevarden
31. Idrettsparken / Gavlen

33. Larslibua
 34. Oversiktskart alle turane
 36. Nese
 37. Signalen på Møvik
 38. Sandeie
 39. Spjeldsfjellet frå Fjæreide
 41. Havutsikta / Polleide
 42. Fuglavatnet
 45. Steinsvatnet tursti
 46. Rambua
 47. Kvittingsneset
 48. Ormhilleren - "Blå korall"
 49. Pardalsmyra
 50. Skogsøy
 51. Lislestakken
 52. Gløvrebu
 53. Rubbegarnståna
-
54. Barnas turlag Turboklubben
 55. Gutta på tur
 56. Turnytt
 58. Tysdags- og Onsdagsgruppa
 59. Tysdagsturar
 60. Onsdagsturar
 61. 7-fjellsturen
 62. Slik brukar du klippekortet
 63. Klippekort



Skann QR-kode
for Kystpassinfo

Friluftsliv er folkehelse

I møte med fleire store samfunnsutfordringar, er friluftslivet en viktig del av svaret.



I 2025 feirar me friluftslivets år. Grunnene til å feire er mange! For i tillegg til å gje opplevingar for livet, er friluftslivet knallviktig i eit samfunnsperspektiv. I ei tid der me veit at fleire slit med inaktivitet og livsstilssjukdomar, einsemd og psykiske helseplagar, og der fleire opplev å få dårlegare råd, treng me lågterskelaktiviteten og møteplassane friluftsliv gjev.

Gjennom natur og friluftsliv kjem me i aktivitet, og får ein etterlengta pause frå kvardagens mas og kjas. Det er godt for oss på mange måtar. Høyr berre på dette: forskning syner at å gå ein times tur i skog og mark reduserer stress, styrker minnet og gjev betre søvn og døgnrytme, så vel som lågare blodtrykk. Likevel veit me at talet på norske barn som leikar utandørs, har falle kraftig dei siste åra. Norske unge er europameistrar i skjermbruk, og det estimerast at dei sit 30 minuttar meir i ro i dag, enn dei gjorde for femten år sidan.

Difor vil me bruke 2025 til å invitere endå fleire til å bli med i friluftslivet! I friluftslivet er alle velkomne: Det finnast ingen innbytarbenk, og du treng ikkje dyrt utstyr for å delta. Kanskje er det også derfor friluftsliv er den forma for aktivitet flest kan tenke seg å drive meir med?

Her i Øygarden skal me bruke året til å skape endå meir friluftslivsaktivitet, både for deg som har gått mykje på tur frå før av – og særleg, for deg som ikkje har det! Gjennom året inviterer me blant anna til fellesturar for barnefamiliar, seniorturar, fellesturar for hundeeigarar, og andre aktivitetar. Følg med på vår heimeside sotraoygarden.dnt.no.

Friluftslivet aleine løyser ikkje alle utfordringane me som samfunn står overfor, men det er ein del av svaret. Det er langt billigare å førebyggje enn det er å behandle. I møte med aukande utanforskap, einsemd og dyrtid, treng me friluftslivet. Og difor håpar me fleire har lyst til å bli med på feiringa av Friluftslivets år!

BUA[®]
ØYGARDEN



Manglar du noko til turen? Her kan du låna utstyr!

På BUA i FriHuset på Ågotnes kan du låne det meste til idrett, leik og friluftsliv, både sommar og vinter, heilt gratis. Vi har ski, telt, soveposar, sekk, primus og mykje meir.



Opprett profil

Alt du treng er å oppretta ein profil på bua.no. Er du under 18 år, må ein føresetta oppretta profil og registrera deg som medlånetakar. Du kan låne utstyr i inntil syv dagar.

bua.no | bua@oygarden.kommune.no

RETT TIL FRI FERDSEL JA, MEN....

DETTE MÅ DU VITE OM FRILUFTSLOVEN OG ALLEMANNSRETTE:

Allemannsretten gjev alle rett til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Noreg – når ferdsele "skjer med omsyn og med tilbørleg varsemnd". Allemannsretten er lovfesta i friluftsløven.

Det er viktig å skille mellom innmark og utmark:

INNMARK ER

- ♦ Gardsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbeite eller liknande områder
- ♦ Små utmarksarealer som er omslutta av innmark
- ♦ Område som er sperra av til vern av drikkevatt, område reservert for viltoppdrett, annan næringsverksemnd eller militær aktivitet

UTMARK ER

- ♦ Alt som ikkje er innmark
- ♦ Det meste av skog, fjell, myr, strand og vatn

Det er ikkje lov å ferdast på innmark. Unntak gjeld dersom eng eller åker er frosne eller snødekt i tida 15. oktober til 29. april.

Det er lov å dra opp båt eller kano på strandstrekning i utmark, for kortare tid. Du kan ikkje bruke kai eller brygge utan løyve frå grunneigar eller brukar.

Du kan fritt telte same stad i utmark inntil to døgn i låglandet, men ikkje nærare enn 150 meter frå hus eller hytte.

Ville blommar, bær og sopp kan plukkast fritt. Sjøfiske er også lov. Det er lokale reglar for fiske i ferskvatt og vassdrag. Sjå informasjon på kommunale sider.

Følg ellers lokale forskrifter for båndtvang.

BÅLBRENNING

Det er generelt bålforbod i perioden 15. april til 15. september.

Dette inneber forbod mot å tenna opp bål og grill i, eller i nærleiken av skog og anna utmark. Brannvesenet kan likevel gje løyve til å tenna opp bål, om du søker om dette. Sjekk alltid kva reglar som gjeld før du tenner opp bål.

TIPS TIL TRYGG BÅLBRENNING:

- Ta omsyn til skogbrannfare og vindtilhøve.
- Det er alltid den som brenn bål som har ansvaret for branntryggleiken.
- Det bør vera ein vaksen, edru person som er ansvarleg for bålet.
- Bålet må vera i god avstand frå busetnaden og vegetasjon.
- Det er ikkje lov å brenna bål på svaberg.
- Bålet må ikkje vera større enn at du har kontroll på det og kan slukke ved behov.
- Ha eigna slukkeutstyr lett tilgjengeleg.
- Det er forbode å brenna plast, bygningsmaterial og anna søppel.
- Når du forlet bålplassen skal bålet vera heilt sløkt.

NÅR DU NYTER NATUREN TIL FOTS, HUGS Å:

- ♦ Ta med deg søppelet ditt heim
- ♦ Bruke offentlege toalett der det er tilgjengeleg. Om ikkje, grav ned eller på annan måte sørg for at det ikkje er til sjenanse for andre
- ♦ Ikkje forstyrre dyre- og fugleliv, særleg i yngle- og hekketida
- ♦ Ikkje skade planteliv, særleg ikkje trua og sårbare artar
- ♦ Ikkje forstyrre husdyr på beite. Lukk grinder etter deg
- ♦ Respekter andre turgåarar sitt behov for avstand og stille
- ♦ Ikkje ta snarveggar over innmark, gjennom tun eller i nærleiken av hus/hytter der det bur folk
- ♦ Ver varsam med eld og hugse å slukke bål heilt før du forlet det. Hugs bålforbod 15. april - 15. sept.
- ♦ Ikkje skade tre når du skal finne ved til bålet – bruk tørre kvistar som du finn på bakken
- ♦ Ikkje legge bålplassen rett på svaberget, då kan berget sprekkje.

Meir informasjon om allemannsretten finn du på nettsidene til Miljødirektoratet.





Opplev Øygarden

På ei samleside for opplevingar i Øygarden kommune finn du lenkjer til turar og arrangement du kan delta på, turstiar du kan gå i Øygarden, musea våre og attraksjonar. På Facebook vil arrangement vera tilgjengelege.



Foto: Alf Alden

Kunst i Nordsjøløypa

Det er oppretta tre installasjonar langs turstiar i Øygarden. «Livets Portal» av Beate Einen står på Grana og turstien er nyleg oppgradert, sponsa av GC Rieber Stiftinga. «Biepaviljongen» av Ann Kristine Aanonsen finn du på turen til Pyttane. I fjor opna ny parkering på Ekerhovd og det er tilrettelagt veg rundt bommen slik at det er mogleg å komme seg fram med rullestol og barnevogn. Det siste kunstverket, «Blå Korall» av Helene Kortner, står ved Ormhilleren.

Nordsjøløypa er spesielt rik på kulturminne og bind saman gamle ferdselsårar. Saman med musea våre formidlar vi samanhengar mellom fortid, nåtid og framtid. Vi ønskjer at «Blå korall», «Biepaviljongen» og «Livets Portal» kan utvide turopplevinga og vera eit turmål i seg sjølv. Du finn meir informasjon om kunsten på nettsida til kommunen under Opplev Øygarden.




Vestland
fylkeskommune



Museum
Vest

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN

FRITIDSFISKE i Øygarden kommune



FRITIDSFISKE

I sjøen er det i utgangspunktet fritt fiske, men det er fleire lokale fredningssonar. Reglar og fredningssonar setjast av Fiskeridirektoratet, miljødirektoratet, fylkeskommune og statsforvaltaren.

Når det gjeld ferskvannsfiske seier regelverket at man må kjøpe fiskekort der det er mogleg, eller få løyve hos grunneigar.



Foto: Espen Elstad

TUR I JAKT sesongen

Jakt sesongen: 1. september – 23. desember (hjortejakt)

Mange av våre Kystpassturar ligg i område der det føregår jakt om hausten. Du har gjerne sett skilt med «fare, jakt pågår» Det betyr ikkje at det er ulovleg å gå på tur. Allemannsretten sikrar fri ferdsel i utmark heile året. Likevel kan det vere greitt å ha jakta i tankane når du skal på tur i jakt sesongen.

HER ER NOKRE TIPS FOR Å GJERE JAKT SESONGEN BEST MOGLEG FOR BÅDE TURGÅAR OG JEGER:

1. Dersom mogleg: unngå tur i demring og skumring. Mellom klokka 11-16 er det lite sannsynleg at jeger er på post.
2. Bruk gjerne klesplagg med sterke neon oransje eller gule fargar (til dømes vest, hue eller buff) Desse fargane skil seg frå andre fargar i skogen.

3. Unngå å bruke kvite eller brune klesplagg. Kvite sokkar eller hanskar kan forvekslast med bakparten på ein hjort.
4. Hald hunden i band. Hunden bør óg ha vest, band eller halsband med neonfargar. Eventuelt kan du knytte eit oransje eller gult tørkle rundt halsen til hunden.
5. Hald deg på merka sti, og unngå så langt det let seg gjere å gå utanfor skogsveggar og turstiar.
6. Opptre høfleg og respektfull mot jegerar og turgåarar. Unngå unødig bråk då dette gjer oppgåva til jegeren vanskelegare.

Kjelde: DNT Ringerike og Miljødirektoratet.



Foto: Thomas Mørch

BLI FRIVILLIG

«Det fins ikke dårlig vær, bare dårlige klær...»

Ja, godt fottøy er viktig når man skal gå på tur i Øygarden kommune. Det er mykje myr og småvatn i kystlandskapet.

Mange frivillige gjer ein kjempejobb med å lage kloppar i sårbart terreng. Men kloppar er ferskvare og treng stadig vedlikehald. Det er hundrevis av stiar i kommunen vår, så det seier seg sjølv at det trengs mange frivillige for å halde byggeverka vedlike.

Sotra Øygarden Turlag har berre eit fåtal frivillige som held på med dugnad. **Me ønsker oss eit levande dugnadsmiljø og treng fleire med på laget.**

Tenker du at dette er noko for deg? Det treng ikkje å vere ein stor jobb. Om du berre kan vere med ein gong eller to i året er det heilt greitt. Dugnad er i alle fall veldig sosialt og kjekt. Bli frivillig. Dei frivillige er sjølve navet i å oppretthalde heile stinettverket vårt.




KONTAKT OSS DERSOM DU HAR LYST TIL Å BIDRA

Scann qr-koden og meld deg som frivillig her
Eller send oss ein e-post: sotraoygarden.turlag@dnt.no



www.dnt.no/dnt-der-du-er/BergenogHordalandTurlag/sotra-oygarden-turlag/frivillig/



DNT SjekkUT

Dersom du ynskjer å bruke Kystpasset digitalt kan du bruke UT-appen.

Viss du ikkje har UT-appen frå før lastar du den ned i google Play (android) eller Appstore (iphone) og oppretter bruker. Appen er gratis. Hugs å svare "Tillat" på tilganger.

KYSTPASSLISTA FINN DU I UT-APPEN. SLIK GJER DU:

Opne UT-appen > Skriv Kystpass i søkefeltet øverst og scroll nedover søketreffa > velg Kystpass 2025 > trykk på Følg lista. Du er påmeldt og du kan sette i gang.



NÅR DU SKAL SJEKKE INN (MAKS 100M FRÅ TURMÅLET):

Opne UT-appen > trykk på huskelister nederst til høgre > trykk på lister jeg følger > trykk på Kystpass 2025 > scroll ned til turen du vil sjekke inn på > trykk på SjekkUT > signer i gjesteboka og ta eit bilete om du vil. Du kan også finne turmålet ved å gå rett inn på kartet. Hugs at det ofte er fleire turpostar på same plass. For å få rette innsjekk må du sjekke inn via lista.

I lista ligg det berre Turmål (= eit gps-punkt). Her er det berre informasjon om sjølve plassen. Kwart turmål er lenka til Turforslag (= nøyaktig skildring av tur, adkomst og kart med nedlastbar gpx-fil) Denne lenka ligg eit stykke nede på sida til turmålet, under Lenker.

Her får du mykje meir informasjon om korleis du kjem deg til turmålet, og i enkelte tilfelle meir info om turane.

FORKLARING PROFIL:

Mine SjekkUT-besøk = dine innsjekkingar.

Mine lister = ikkje aktiv (Denne funksjonen er flytta til eigen knapp i appen).

Mine turer = turforslag du har lagra.

Mine offline kart = kart du har lasta ned.

Mine SjekkUT-besøk og Mine lister er dei me bruker i samband med Kystpasset.

miljøvett-reglene



REIS MINDRE, OPPLEV MER

Jo kortere du reiser, jo mer tid får du til selve turen.



SATS PÅ OPPLEVELSER, IKKE UTSTYR

Turutstyr trenger ikke være nytt for å gjøre nytta si.



FIKS ALT, ALLTID

Gjør gaffateip, ståltråd og lommekniv til fast inventar i tursekken.



SPIS GRØNT

Det er viktig å få i seg næring på tur. Å spise grønt er bra både for miljøet og helsa.



SAMKJØRING ER BRA KJØRING

Hvis du må reise langt for å komme deg på tur, bruk god tid på planlegging av turen.



VÆR RUSTET MOT UVENTET SØPPEL

Å ha hodet med seg på tur er viktig, også når det kommer til hva du etterlater deg.



VIS VEI, VÆR ET KLIMAFORBILDE

Vær en del av klimaløsningen, ikke problemet!

LES MER OM MILJØVETTREGLENE PÅ:

www.dnt.no/miljovettreglene/



Foto: Helene Kleppe



Tlf. 56 33 62 40 - www.algroyelektro.no



**B TELLE
TREARBEID AS**

Et selskap i Telle Gruppen

Utsikta i Sundskogen

Parkering: Sund kyrkje **Normal gangtid:** 1 time, rundtur 1,8 km

TURSKILDRING: Turens start og slutt ved parkeringsplassen til Sund kyrkje. Følg gamle Sundvegen opp bakken, barnehagen på høgre side. Ein liten parkeringsplass på venstre side. Gå inn på grusvegen der. Etter eit kort stykke ser du ein lavvo til høgre. Hald fram på stien eit lite stykke til du kjem til eit stiskilje. Ta av frå grusvegen og følg skilt med raud pil. Turen er lettgått og tilrettelagt med klopper. **Obs:** det er bratt ned oppe på toppen.





Foto: Julie Young

Vetenbu

Parkering: Stranda skule eller Førde

Normal gangtid: 2 timar. 4–4,4 km t/r (avhengig av startpunkt)

TURSKILDRING: Frå Førde: På Klokkarvik tar du av vegen til høgre ved skilt mot Førde. Køyr nesten til endes. Her er parkering og skilt mot Veten. Følg grusvegen oppover, hald til venstre. Etterkvart over i terreng. Jamn stiging.

Frå Stranda: stien startar bak Stranda skule. Først grusveg mot gigant gitaren, deretter sti vidare, nokre bratte parti. Ved stiskille mot Storevarden fortsetter stien rett fram.



Skann QR-kode
for meir info





Glesvær Rorbu AS

TLF 951 87 323 / 971 10 336



KIWI mini pris

Sund Senter

ROSMARIN
KAFÉ & CATERING

- Velkommen til vår trivelige kafé på Fjell
- Innholdsrik lunsjmeny, god kaffe og bakst
- Catering til alle anledninger og møter
- Forhandler for Leiren Laks og Oliviers & co
- Følg oss gjerne på Instagram og FB
- kaferosmarin.no | post@kaferosmarin.no

FJELLAVERGEN 261 5357 FJELL | MOBIL 482 26 450

Storevarden

Parkering: Stranda barneskule **Normal gangtid:** 2 timar t/r. 3,8 km t/r.

TURSKILDRING: Turen startar ved Stranda skule. Gigantgitar i terrenget i starten (frå prosjektet "Ord i spreke spor"). Stien er tydeleg, men nokre bratte parti undervegs. Det kan vere vått. Informasjonstavler og ulike sitat frå Johannes Kleppevik sine songar undervegs. Parkering på dagtid på parkeringsplassen ved Stranda barneskule. På kveld/helg er det mogleg å parkere oppe ved stistart.

OBS: det ikkje er lov å køyre der mellom kl. 08.00 – 15.30 på kvardagar.



Skann QR-kode
for meir info

18

Austefjorden/Håkonsundet

Parkering: Ved Austefjorden fergekai **Normal gangtid:** 1 time. 2,6 km rundt.

TURSKILDRING: Gå tilbake frå fergekaiaen og ta første veg til høgre. Hald til venstre der vegen delar seg og følg grusa veg til du ser stistart til høgre. Følg skilt med pil til venstre ved stiskille inni skogen. Følg raude merker vidare til du ser byggfelt. Følg vegen mot sjøen og ta til høgre mot Håkonsund kai. Følg bilveg til du kjem til endes. Gå forbi bom på høgre side av garasje. Gå langs husnr. 97 og følg sti vidare. Hald til høgre der skogen startar igjen. NB: vis omsyn når du går gjennom privat gardstun. Ingen opphald i tunet.



Skann QR-kode
lokalhistorie
Håkonsund



Skann QR-kode
for meir info

19

KALLESTAD TRANSPORT AS

tlf: 932 19 288

KIWI mini pris

Ågotnes Torg

07-23

Gåsavatnet

Parkering: Ved Telavåg idrettsplass **Normal gangtid:** ca. 1,5 time. 4 km rundtur.

TURSKILDRING: Turen startar og sluttar ved grusplassen ved Telavåg idrettsplass. Sjå postkasse og skilt. Stien er tydeleg, med kloppar på våte parti. Etter ca. 400 meters gange skiljer stien seg, følg stien til høgre. Følg sti langs gåsavatnet. Omlag halvvegs på turen er det ein benk ved vatnet. Følg vardar som er blåmerka tilbake til stistart. Dette er ein fin rundtur.



Utsikt frå Nipafjellet mot Telavåg



Kaien Håkonsund - 56338650 • Sund Senter - 56337444



museumvest.no

Avslutt
Kystpassturen
med eit
museumsbesøk
hos oss!



Selekletten

Parkering: På nedsida av Tofterøy skulehus **Normal gangtid:** 2 timar. 4,8 km.

TURSKILDING: Frå parkering, gå tilbake på hovudvegen langs vatnet. Ta første veg til høgre etter vatnet. Følg vegen innover til ei lita grind på høgre side. Gå gjennom den og følg raude merkepinnar. Kan også starte i andre enden av rundturen: gå tilbake på vegen langs gjerdet til skuleplassen. Ta av til høgre ved enden av gjerdet. Følg raude merkepinnar. Relativt flatt terreng. Nokre våte parti. Beitedyr på innmark langs vatnet. Vis omsyn.




Skann QR-kode
for meir info

22

Grana/Livets portal

Parkering: Gamle Telavåg skule (NB: ikkje hindre innkøyring til privat eigendom)
Normal gangtid: 1,5 time. 4 km t/r.

TURSKILDING: Gå vidare innover vegen og gå inn på sti til venstre i enden. Følg raude merkepinnar gjennom skogen til ein kjem til ei stor grasslette. Kryss sletta, forbi klatreområdet "Fiskesleppet" på høgre side. Følg skilting mot Granane. I enden av grassletta går ein ut på sti igjen. Godt tilrettelagt sti med kloppar og benker. Lett terreng. Flott kunstverk ved turmålet, av kunstnaren Beate Einen. Utsikt mot havet. Hald god avstand!



Skann QR-kode
for meir info

23



Porsvika 125

Stedet for selskap og fest,
eller en enkel kopp kaffe og herlig lunsj.
Følg oss på Facebook - Porsvika 125 for åpningstider.
Nordre Øyavegen 125 / Algroy / Tlf 90505557



Brotavarden

Parkering: Grendahuset på Kallestad (på v/side, etter avkøyrsløp inn mot Kallestad)
Normal gangtid: 4 timer t/r. 6,8 km t/r.

Turskildring: Start ved grendahuset. Følg bilvegen vidare rett fram til du kjem til Kjereidstivegen. Hald fram på traktorvegen. Vis omsyn til gardsbruket, ha hunden i band. I enden av traktorvegen går du til høgre, deretter til høgre igjen omlag midt i svingen. Følg blå merker. Noko klyving i steinur ned mot både Kjereide og Brotet. Ved skilt Telavåg/Brotet går du retning Telavåg. I skogen er det skilta til høgre mot Brotavarden. Meir ope landskap her fram mot turmålet.



Haganesfjellet

Parkering: Liten grusplass på h/side av veggen rundt svingen etter Haganesvatnet.
Normal gangtid: 2 timer. 5,2 km rundtur.

Turskildring: Følg vegen litt tilbake. Stistart til høgre i svingen. Følg stien oppover skaret. På toppen kan ein velje å gå rett fram eller til høgre. For å få ein fin rundtur er det best å gå rett fram. Ein går då forbi fleire fine små fossefall og vatn. Følg stien til høgre etter dette. Vått parti på flaten før siste stigning. Gå først til venstre etter denne flaten, deretter til høgre. Følg fjellsida opp til toppen. Flott rundskue. Gå gjennom skogen og deretter til høgre på retur.





**Obs
BYGG**

Du finner oss på Straume.
Idrettsvegen 60,
5350 Brattholmen.

Åpningstider:
07:00-22:00 (08:00-19:00)

Obs
Kunsten å handle smart

**Obs på
Sartor Storsenter
tilbyr alt på ett sted:**
Elektronikk, bolig, sport
& fritid, byggevarer,
dagligvarer og post i butikk

Høgafjellet

Parkering: Liten grusplass på h/side av vegen rundt svingen etter Haganesvatnet.

Normal gangtid: 2 timar. 5,6 km t/r.

Turskildring: Følg vegen litt tilbake. Stistart til høgre i svingen. Følg stien oppover skaret. Ved skilt på toppen av skaret skal ein ikkje følge skilt mot venstre, men fortsette rett fram. Oppe ved Kattatjørna går stien til venstre. Følg raude merker nordover. Etterkvart ser ein varden på Høgafjellet oppe til venstre. Ver obs kanten av stupet. Det kan vere nokre våte parti på stien. Det er fleire startpunkt, men her tek me utgangspunkt i Nordsjøløypa frå Haganes.



Skann QR-kode
for meir info

REMA 1000

FJELL

06.30-23 (07-23)

REMA 1000

SARTORPARKEN

07-23 (07-23)

REMA 1000

SKOGSVÅG

06-23 (07-23)

REMA 1000

ÅGOTNES

06-23 (07-23)

Liatårnet frå Haganes

Parkering: Liten grusplass på h/side av vegen rundt svingen etter Haganesvatnet.

Normal gangtid: 4 timar. 8,8km t/r.

TURSKILDRING: Følg vegen litt tilbake. Stistart til høgre i svingen. Følg stien oppover skaret. Ved skilt på toppen av skaret skal ein ikkje følge skilt mot venstre, men fortsette rett fram. Oppe ved Kattatjørna går stien til venstre. Følg raude merker nordover. Etter eit stykke kjem ein inn att på Nordsjøløypa. Følg denne til toppen. Bratt stigning siste del opp mot Liatårnet, det høgaste fjellet i Øygarden kommune.



Skann QR-kode
for meir info

28

Pyttane

Parkering: Stølane ved stistart. **Normal gangtid:** 2 timar. 5,6 km t/r.

TURSKILDRING: Pyttane ligg nord for Liatårnet og er lett synleg pga dei to radartårna på toppen. Frå parkeringsplassen, følg vegen oppover, gå mot høgre og følg vegen vidare. Asfaltdekk heile vegen. Etter omlag ein halv km kan ein ta av stien til høgre og gå nokre titals meter og sjå på kunstinstallasjonen "Biepaviljongen". Turkassa er ved det høgaste tårnet. Fantastisk rundskue på toppen. Turen til Pyttane er ein populær trimtur. Her kan ein også gå med barnevogn. Om ein ynksjer kan ein gå vidare på sti til Liatårnet.



Skann QR-kode
for meir info

29



924 99 279
414 50 726

Fjellavegen 228 | 5357 Fjell
www.fjellfotterapi.no



Dyrebutikken på Fjell

Man - Fre: 10.00 - 20.00 Lørdag: 10.00 - 16.00

www.zooservice.no



SEKKINGSTAD BIL

TLF. 98 69 44 77

**SOTRA
TRELAST AS**

Skinntikkevarden

Parkering: Bildøybakken ved avkjørsle til Li (evt. ved Fjell ungdomsskule kveld/helg)
Normal gangtid: 2 timar. 4,8 km rundtur.

TURSKILDING: Turen startar på asfaltdekke. Før ein kjem opp til Bildøyvatnet er det skilta mot tursti inn til venstre. Følg denne stien. Jamn stigning på tydeleg sti. Når ein kjem ut av skogen er det meir ope landskap og terrenget flatar meir ut. Frå varden, følg stien vidare retning Liatårnet. Hald til høgre ved stiskilje. Nede i Bjørkedalen i enden av Bildøyvatnet tek ein til høgre igjen og følger stien. Gå ned igjen på asfaltert veg i enden av vatnet.



Skann QR-kode
for meir info

30

Idrettsparken / Gavlen

Parkering: Ved Sotra Arena **Normal gangtid:** 2 timar. 5,8 km rundtur.

TURSKILDING: Følg turløypa ved Sotra Arena. Etter nokre hundre meter kjem du til eit stikryss, hald til venstre og følg stien som går på vestsida av vatnet. Når du kjem til Ebbesvikvegen kryssar du den, går forbi og bak busskuret og fortsett på god sti i lett terreng gjennom skog og utmark. Det går geiter på beite i dette området, så vis omsyn. Stien endar i Gavlen der man møter bilvegen igjen. Om du ynskjer ein rundtur kan du følge bilvegen tilbake til du møter turstien ved Idrettsparken, eller følge stien tilbake samme veg.



Skann QR-kode
for meir info

31



Foto: Helene Kleppe



KLEPSVIK MAT AS
8-21 (9-20)



Larslibua

Parkering: Foldnes kyrkje. **Normal gangtid:** 1,5 time. 5,2 km t/r (heile løypa).

TURSKILDING: Følg grusa turveg frå Foldnes til Hjelteryggen. Etter ca. 15 minutt gange kjem ein til Larslibua som står ved Larslivatnet. Hald orden i hytta, og ta med deg søppel heim igjen. Veden skal kun nyttast til omnen inni hytta. Løypa er universelt utforma, slik at rullestolbrukarar også kan nytta den fram til Larslibua. Drikkevatn og rasteplassar langs vegen mot Hjelteryggen. Løypa har automatisk belysning om kveldane. **MERK!** Automatisk dørlås på Larslibua frå kl.23.00!



Skann QR-kode
for meir info


Rong Senter

SARTOR
STORSENTER



ØYGARDEN
CATERING

La oss ta vare på maten,
slik at du kan ta vare på gjestene
TLF 469 68 635 | post@oygardencatering.no





Sund Apotek
Helsehuset, Skogsskiftet

Åpningstider: man-fre 9-18, lør 10-16



marionns
— Hud & Velvære —

Walk in Beauty

Tlf: 56 32 10 42 / 99 69 59 33 • www.marianns.no




Salg av filet, lettsaltet og røykt fisk.
Tlf: 56 33 82 92 • Mail: telavagfiskil@online.no

Nese

Parkering: Kun i oppmerka felt ved snuplass.

Normal gangtid: 1,5 time. 3 km rundtur.

TURSKILDING: Turen startar ved snuplassen på Nese, følg grusveg. Etter ein benk går stien vidare til venstre. Følg denne, gå ned trappa. Ta til venstre. Stien er godt merka. Det er klopper over dei våtaste partia. Det er lett kupert terreng med fleire skyttargraver og stillingar frå 2. verdskrig. Vis respekt for krigsminna når du er på tur. Siste delen går gjennom ein gamal skog før turen går vidare til ein liten topp.



Skann QR-kode
for meir info

Signalen på Møvik

Parkering: Kiwi Møvik, lengst vekk frå inngangen. **Normal gangtid:** 1 time. 3 km.

TURSKILDING: Turen startar ved Kiwi på Møvik. Følg Signalvegen til endes og fortsett oppover grusveg. På toppen av bakken kjem du til Signalvatnet. Gå over betongmuren til høgde og følg stien vidare. Stien er delvis merka, lett å følgje. Den første toppen du kjem til er austre Signaltoppen. Her er turkassa. Følg stien vidare mot vest, til vestre Signaltoppen. Flott utsikt mot havet. Siste del av turen er noko brattare. Ved demningen er det trapp ned den brattaste skrenten. Her kjem du tilbake til grusvegen.



Skann QR-kode
for meir info

Tellnes Autosenter

- Salg av brukte biler · Fartskriververksted
- Mekanisk verksted for tung, bobil, og personbil

VI HAR VERKSTED MED

ALLE GODKJENNINGER FOR ALLE VEKTKLASSER

Tellnes Næringspark 28
5357 Fjell

Telefon 56 33 10 00
www.tellnesautosenter.no



Toft Mesterrør

TLF 56 31 95 00
www.tmr.no



TOYOTA

Toyota Sotra AS

Sandeie

Normal gangtid: 4 timar. 9 km rundtur. **Parkering:** Algrøy skule (Gangstø).

TURSKILDING: Stien startar ved grind innerst i Storvegen, før parkering. Følg skilting mot Sandeie og Idlefjell. Bruer og klopper over dei våtaste partia mot Idlefjellet. Noko meir kupert terreng etter Idlefjell. Følg stien nedover mot sjøen. Ta til høgre ved stiskille. På Sandeie har havet skylt inn skjelsand og danna ei lun vik med naturleg skjelstrand. På retur kan ein velge å gå rundløypa via Trollskogen. Då tek ein til venstre når det står skilt "til blå sti". Det kan vere vått på stien.




38

Spjeldsfjellet frå Fjæreide

Normal gangtid: 2 timar. 5 km t/r.

Parkering: Langs vegen nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.

TURSKILDING: Stistart opp til venstre ca. 100 meter forbi snuplass på Fjæreide. Flott sti med over 40 klopper over dei våte partia, laga av gamle Sotra-Øygarden Turlag. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Rett før ein kjem til Spjeld går stien vidare oppover mot venstre. Litt meir stigning her på slutten. På Spjeldsfjellet har ein utsikt i alle himmelretningar. Alternativt kan ein starte på Spjeld eller på Kårtveit, men her er det vanskelegare å parkere.



39



Sandeie



Foto: Helene Kleppe



Tur til Brotavarden

Midtstegen, 5382 Skogsvåg Tlf. 56 33 74 50



Havutsikten

Foto: Monica Boelker

Havutsikten/Polleide

Normal gangtid: 1-1,5 timar. 2,8 km t/r (4,2 km t/r til jettegryta)

Parkering: Parkeringsplassen til Kårtveitpollen friluftsområde.

TURSKILDRING: Stien startar på eit lite svaberg ved parkeringsplassen. Etter første haugen ser ein varden i horisonten litt til venstre. Delvis klopper på dei våtaste partia. Flott utsikt ved varden. Her er den raude postkassa. For å kome til jettegryte: følg stien vidare nordover etter Havutsikten. Stien svinger etterkvart til venstre mot sør-vest. Etter ca 800 m kjem ein til jettegryta som ligg relativt høgt i terrenget. Badeplass og gapahuk ved Kårtveitpollen friluftsområde.



Austra Buarsundet
Teistholmsundet
Teistholmen
Angeltveitsjøen
Breivika
Kårtveitpollen
Vardøysundet

Skann QR-kode for meir info



Fuglavatnet

Normal gangtid: 1,5 time. 3,4 km rundtur. **Parkering:** Ved Landro kyrkje.

TURSKILDING: Følg vegen mot aust, stien startar på høgre side av vegen ved enden av gravplassen. Følg stien opp til restane av gamle Landro skule. Stien går vidare til venstre for vatnet. Ta av til høgre i enden av vatnet og gå vidare rundt vatnet. Turkassa er i enden av vatnet. Herifrå er det nokre korte bratte strekk, før stien går tilbake på austsida av vatnet. Her kjem du tilbake til gamleskule, og følger stien ned igjen til vegen. Lettgått tur, men nokre bratte parti. Enkelte våte parti.



Skann QR-kode for meir info





Foto: Helene Kleppe



Foto: Helene Kleppe


Torsvik
ELEKTRO
Tlf. 56 38 50 00
www.torsvik.no • post@torsvik.no

 
SPAR
ONG SENTER
07-22 (08-20)

Steinsvatnet tursti

Normal gangtid: 1,5 time. 4,8 km rundtur. **Parkering:** Flåten el. Blomvåg snuplass.

TURSKILDING: Enkel rundtur på 4,8 km. Turen startar og sluttar på Flåten. Stien er variert, nokon stader noko våt og myrete, men og delvis asfalt (siste 2,5 km er asfalt) Det er lagt klopper over dei våtaste partia. Langs kyststien treffer du på kulturminne, utsikt mot vest, og ofte observasjonar av ørn. Etter 1,3 km er det rasteplass med utsikt. Stien går fram til fylkesveg 561, ca. 2,5 km vidare på asfalt til Flåten.



Skann QR-kode for meir info



Pizza & Kebab
56 32 11 11

ØYGARDEN
HUND OG
ADFERD

Vi har fokus på:

- Kontakt og trygg relasjon
- Godt samspill mellom hund og eier
- Jevnlige kurs i små grupper
- GRATIS ukentlig miljøtrening
- Privattimer med utdannet adferdskonsulent

CINDY: 413 21 790 | STINE: 952 20 292



KIWI mini
pris

Øygarden

07-23

Godfoten As
- autorisert foterapeut

Dine føtter trenger mer enn gode sko!

Timebestilling avd Rong senter
940 23 865

Rambua

Normal gangtid: 1,5 time. 3,9 km rundtur. **Parkering:** Blomvåg kyrkje.

TURSKILDING: Turstien startar i byrjinga av Stølemyrvegen. Det er lagt klopper og steinar over dei våtaste partia. Etter 800 meter kjem du til eit stikryss, med skilting mot Rambua dagsturhytte. Vidare mot Rambua er det lett kupert terreng. Frå Rambua kan du fortsette mot Planteskogen, barnas leikeplass, berre 400 meter vidare. Frå Planteskogen kan du følge stien vidare ned til stikrysset du passerte i starten av turen, og deretter vidare til startpunktet.



Skann QR-kode
for meir info

Kvittingsneset

Normal gangtid: 2 timar. 8,2 km rundtur. **Parkering:** Parkering ved Rong skule.

TURSKILDING: Turstart ved parkering, Rong skule. Gå langs Vestesundvegen, så andre veg til venstre, Onevegen. Stistart i enden av vegen. Ved første klopp tek du til venstre. Klopper og berg heilt til skilta stiskilje ved 1,7 km. Herifrå vidare til venstre. Frå Dyrneshaugane ned til sjøen. Vidare ut til Kvittingsneset, for så å halda fram ned i ei vik med eit noko krevjande parti. Hald fram før du går langs svaberg, og opp mot stikryss. Gå til høgde, og følg stien tilbake.



Skann QR-kode
for meir info



Telefon: 56 38 28 00 | www.norgeshusoygarden.no

ENTREPRENØR
JOSTEIN OEN AS
tlf: 920 88 415



www.gartnerteknikk.no



BERGEN
VARMEPUMPE
SERVICE

Ormhilleren - "blå korall"

Normal gangtid: 1 time. 3 km t/r (heilt ut til kunstverket).

Parkering: Stor parkeringsplass ved stistart

Turskildring: Ormhilleren er ein populær badeplass like etter Rongesundet bru. Grusdekke heile stien inn til Ormhilleren. Godt opparbeida friområde med toalett, grillplass m.m. Kunstverket Blå Korall finn du i enden av vatnet. Ikkje grusa sti dit. Følg terrenget. Det er mange fine stiar i området rundt badevika. Ta gjerne med fiskestang og prøv fiskelukka.



Skann QR-kode
for meir info

48

Pardalsmyra

Normal gangtid: 1 time. 2,4 km rundtur. **Parkering:** Høgre side av Turøyvegen.

Turskildring: Fin tur på Turøy for dei aller minste. Parkering på grus ved stistart. Noko kupert terreng, og blaute parti. Stiskilje etter 400m. Følg blå merking til høgre. For små barn er det gjerne kjekkast å gå rett ned til turkassa i Pardalsmyra. Kjekk naturleikeplass. Nedstigning til Pardalsmyra kan vere sleip i vinterhalvåret.



Skann QR-kode
for meir info

49



Avslutt Kystpassturen med eit museumsbesøk hos oss!

Kystmuseet i Øygarden

museumvest.no



ANNES SALONG

Dame og herrefrisør

960 11 654

Fjellavegen 228 5357 Fjell



STRILA SAUNA

strilasauna.no



Blom servicesenter as

MECA



Skogsøy

Normal gangtid: 2 timar t/r. 4,9 km t/r.

Parkering: Få plassar langs vegen før Langholmsundet - samkøyring tilrådd.


TURSKILDING: Stien til Skogsøy startar ved infotavla. Stien går gjennom sauebeite, så hugs å lukke grinda, og ha hunden i band. Følg stien langs sundet, gjennom skogen og vidare utover mot havet. Nokre bratte parti etter skogen. Hald god avstand ytst på turen, då dønningane kan kome langt opp. Sør for varden har Bergen og Omland Friluftsråd - BOF, ei dagsturhytte, Hildiringsbu. For ein rundtur kan ein følge stien på austsida tilbake til Herdlevær.



Lislestakken frå Hjelme kyrkje

Normal gangtid: 1,5 time. Rundtur 3,15 km. **Parkering:** Hjelme kyrkje p.plass

Turskildring: Gå over hovedvegen og inn på godt merka sti. Fortsett vidare mot Stakkskartjørna, og følg stien inn i den lune furuskogen. Fortsett vidare opp mot Lislestakken, her finn du turkassen. Her er det laga til en triveleg rasteplass med flott utsikt i alle retningar. Følg stien vidare ned mot det tidlegare drikkevannet, Silkaren. I det merka stikrysset tek du til venstre og ned til hovedvegen. Kryss vegen, og fortsett på gangveg tilbake til parkeringen.



Kyst Bilteknikk

Sertifisert Bilverksted

Alvøyvegen 23 , 5336 Tjeldstø

Telefon: 92954621

E-post: post@kystbilteknikk.no



TJELDSTØ

08-21 (09-20)

FLORVAAG
VESTKYST BYGG AS



Gløvrebu

Normal gangtid: 1 time. Rundtur 2,5 km

Parkering: Bakken Gravplass

TURSKILDING: Gå forbi infotavle og mot grinda. Grusa sti etter denne (lukk grinda, beitedyr) Merka sti heilt fram til Gløvrebu. Når du kjem ut av skogen opnar det seg eit fantastisk utsyn ut over havet. Alternativt kan ein gå ytre løype ved stikille eit stykke inni skogen. Gløvro ligg litt sør for Gløvrebu. Gå mot vardene på svaberget. Etter Gløvro kan ein fortsette på stien i rundløypa tilbake til gravplassen.

Rubbegarnståna

Normal gangtid: 1,5 time. 3,5 km rundtur.

Parkering: Få parkeringsplassar ved stistart /alt. ved Hellesøy kai.

Turskildring: Tur lengst nord i Øygarden. Godt merka rundtur, tilrettelagt med klopper over dei våtaste partia. Ved fyret ytst på Rubbegarnståna kan ein sjå Fedje i nord og Eldsjellet i aust. Stien på autsida er noko meir kupert og våt enn stien på vestsida. Følg merka sti, og unngå å gå inn i hyttefeltet.



52



53

Barnas Turlag Turboklubben

Barnas Turlag har arrangement og turar for barn i alderen 0-12 år.



Det er gratis å vere med på aktivitetane så lenge ein er medlem i DNT (dersom ikkje anna er annonsert). Turboklubben er eit lågterskel friluftslivstilbod for barn, med faste treff i nærmiljøet.

Målet med Turboklubben er å lære barn enkelt og naturvenleg friluftsliv ved å vere ute saman, leike, oppleve, undre, utforske og lære om naturen. Det gjev barna sjølvtilitt og god sjølvkjensle gjennom meistring i naturen.

I 2024 starta det to nye Turboklubbar i Øygarden:

Turboklubben Nordre Øygarden og Turboklubben Midtre Øygarden.

VIL DU STARTE TURBOKLUBB SØR I KOMMUNEN?

Ta kontakt med oss på e-post: sotraoygarden.turlag@dnt.no

Følg Turboklubbene på Facebooksidene.




Foto: Hild Fjermestad Aase



Ut på tur aldri sur



Rambua | Foto: Julie Young



TUSEN TAKK TIL:

Rune Alvsaker Erichsen, Per-Erling Tellnes og Karstein Golten som samla inn kr 24.700 til Sotra Øygarden Turlag.

I 2024 var det 5 år sidan dei la ut på ei strabasjøs langferd over Hardangervidda. Sidan den gong har dei vandra gjennom Stølsheimen, Jotunheimen og frå Trolltunga til Liseth. I 2024 gjekk dei Sognefjellet med start på Turtagrø, mot Sognefjellshytta og over breen mot Noregs høgstliggande DNT hytte, Fanaråken. Turen var ca. 6 mil.



Rambua | Foto: Julie Young

Tilgjengelighet er viktig

– Kan du hjelpe meg, mamma?

For Sebastian (7) er det ikke alltid mamma kan være med på tur med Tuboklubben. Antall turveier for bevegelseshem-



mede er i fåtall i kommunen, men de som eksisterer blir godt brukt. Den korte turveien ut til Eventyrskogen på Tjeldstø brukes ofte av Turboklubben Øygarden Nord, elever ved Tjeldstø skole, og andre småbarnsforeldre som ønsker et fullgodt alternativ for de yngste turgåerne.

– Det er fint å kunne være med på noen av turene som arrangeres, sier Marita Wollertsen. Eksempelvis denne turen, hvor det bygges fuglekasser. Her kan jeg bidra på samme måte andre foreldre. Det var litt problematisk å komme seg ut her i dag, pga arbeider med turveien. Håper den blir satt ordentlig i stand igjen. Et fast toppdekke er viktig for den som er dårlig til beins eller som skal trille, enten det er rullestol, sykkel eller barnevogn, avslutter hun.

Ny turgruppe Hundevenner på tur

– Premiereturen var en suksess, forteller initiativtaker og turlleder Cindy Bibow, fra Øygarden Hund og Adferd. Hun er utdannet instruktør og adferdskonsulent, og vil være turlleder på de første turene. Cindy er også utdannet nærturlleder i DNT.

– Gøy å se at vi nådde ut til så mange hundeeiere, og at første turen ble så vellykket, fortsetter hun.

–Vi tar sikte på å arrangere fellestur en gang i måneden, og turene vil bli publisert på hjemmesiden og Facebooksiden til turlaget - så følg med her. Alle er hjertelig velkomne på disse fellesturene, med eller uten hund, avslutter hun.



Hundevenner på tur



Tysdags- og onsdagsgruppa

Seniorgruppa er delt inn i Tysdagsgruppa og Onsdagsgruppa. Dei arrangerar turar med høg sosial faktor. Det er gratis å vere med på våre arrangement dersom ikkje anna er annonsert. Målgruppa for turane er seniorar som ynskjer å kome i fysisk aktivitet og bli ein del av eit sosialt turmiljø. Andre som har høve til å gå tur på dagtid er også velkomne.

Rutinar for alle som går på tur med gruppene:

KLE DEG ETTER VERET

Spesielt i vinterhalvåret er det viktig å ha ytterklede som held vind, kulde eller regn ute. Fottøy som held vatn ute er nødvendig for ikkje å bli våt og kald.

VIKTIG Å HA I SEKKEN

Ekstra genser og strømpeskift. Mat og drikke. Om vinteren er også vottar/hanskar, hue og broddar viktig å ha med. Turleiar kan avise ein turdeltakar før turen startar om klede, fottøy eller utstyr ikkje er tilfredsstillande i forhold til ver og føre.

GODE VANAR PÅ GRUPPETURAR:

Gruppa skal gå samla, turleiar fremst og bakerst, det skal gjevast beskjed til turleiar dersom ein forlet gruppa. Ein må akseptere at ikkje alle går like fort og bidra til at alle får pause. Hjelp kvarandre når det trengs. Alle deltek på eige ansvar.













TURPROGRAM VÅREN 2025 / TYSDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	TIMAR
01.04	Fjell - Morland - Gardafjellet	Hald stadion, 10.30	4.5
08.04	Ormhilleren - Blå korall - Kyststien	Hald stadion, 10.30	4.0
22.04	Ekrhovda - Pyttane - Liatårnet/ Biepaviljongen	Hald stadion, 10.30	4.5
29.04	Grana - Nesvika	Telavåg skule, 10.30	3.0
06.05	Lutatangen	Nedre Golta, 10.30	3.5
13.05	Vindeneskvarven	Hald stadion, 10.30	4.5
20.05	Lerøy	Ferjeleie, kl. 12.40	4.5
27.05	Rundtur Lyderhorn - Ørnafjellet	Hald stadion, kl. 09.30	5.0
04.06	Felles sommaravslutning med onsdagsgruppa	Meir info kjem, sjå www.dnt.no/sotra-oygarden	

TURPROGRAM HAUST 2025 / TYSDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	TIMAR
02.09	Gjerdet kulturminnegard - Russarstegen - Vardefjellet	Hald Stadion, kl 10.30	3.5
09.09	Indrafjellet/Haganesfjellet frå Liaskjeret	Hald Stadion, kl 10.30	3.5
16.09	Fuglavtatnet rundt	Hald Stadion, kl 10.30	3.5
23.09	Eide - Stolåsen - Haugeheim	Eide, kl 10.30	5.0
30.09	Førde - Vetem	Førde, kl 10.30	4.0
07.10	Anekletten rundt	Hald Stadion, kl 10.30	4.5
14.10	Skaganeset	Skaganeset, kl 10.30	3.0
21.10	Rundtur Skogsøyna	Hald Stadion, kl 10.30	5.0
28.10	Løgstien	Hald Stadion, kl 09.30	6.0
04.11	Rundtur Jurefethaugen	Hald Stadion, kl 10.30	4.5
11.11	Forland rundt	Håkonsund kyrkje, kl 10.30	3.5
18.11	Rundtur Glesnes-Gløpsa	Glesvær kafe, kl 10.30	4.5

TURPROGRAM VÅREN 2025 / ONSDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
12.03	Vikåsen-Pardalsmyra	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	
19.03	Foldnesmarka - vest	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
26.03	Hovden - Kvednane	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4 t 
02.04	Fjæreidvatnet rundt	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
09.04	Gardafjellet - Morland	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
23.04	Lokøyna, rundtur	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	3 t 
30.04	Nordvikkverna - Fjellspollen	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	5 t 
07.05	Opptur for 8.klasse, ungdomsskule	Turleiara og turgåara hjelper til med dette arrangementet	-
14.05	Tenneset	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	5 t 
21.05	Ono	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
28.05	Gåsavatnet rundt	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
04.06	Felles sommaravslutning med tysdagsgruppa	Meire info kjem, sjå www.dnt.no/sotra-oygarden	

TURPROGRAM HØSTEN 2025 / ONSDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
20.08	Storskora, rundtur	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	3,5 t 
27.08	Bekhilderen	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
03.09	Fuglavatnet rundt	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4 t 
10.09	Selefjellet, rundtur	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	5 t 
17.09	Maggesteinen, Algrøyna	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
24.09	Gløvrebu	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4 t 
01.10	Børnestangen	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4-4,5 t 
15.10	Anekletten	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4 t 
22.10	Haganesfjellet frå Lie	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	5 t 
29.10	Vardafjellet	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	3,5 t 
05.11	Ålvøkogen	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
12.11	Ågotnes - Landro - Angeltveit	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4 t 
19.11	Skogsøy	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	5 t 
26.11	Vindeneskvarven	v/Fjell kyrkje* kl. 10.30	4,5 t 
03.12	Avslutning av turåret, juleavslutning	Påmelding innan 26.11 https://sotraoygarden.dnt.no/	3-3,5 t 

* Nedre parkering ved Fjell kyrkje



Lengde: 22 km Høgdemeter: 1193m

BLI MED PÅ 7-FJELLSTUREN LØRDAG 1. JUNI

Skann QR-kode
for meir info

Sotra Øygarden Turlag

Les meir og meld deg på her:
dnt.no/sotra-oygarden

Foto: Niklas Profors

SLIK BRUKAR DU KLIPPEKORTET:

Når du gjennomfører eit av dei 30 turmåla i dette heftet klipper du eit hol ved turmålet som står på klippekortet. Ved kvart turmål er det ein turkasse. Oppi her er det klippetang. Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i turkassa ved nokre av turmåla.

Når du har gått minst 10 turar er du med i trekninga av fine premiar (barn under 6 år minst 7 turar). Dei som går alle 30 turane får eit merke (pin), det gjeld også barn. Det blir også trekt premiar blant dei som har minst 10 forskjellige innsjekk i SjekkUT-lista "Kystpass2025" (meir informasjon om UT.no på side 12).

Trekning vert kunngjort på nettside og Facebook, både for Kystpass og SjekkUT. Bruk gjerne emneknaggen #kystpass2025 når du går Kystpassur.

Vil du ha med eitt av dine turbilete i Kystpasset 2026? Send bilete til oss på epost sotraoygarden.turlag@dnt.no. Biletet må ha god oppløysing. Me trekker ut dei beste bileta som blir med i Kystpasset 2026, med kreditering.

NIVÅ PÅ TURANE



ENKEL



MIDDELS



KREVJANDE



DEL AV
NORDSJØLØYPE

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Øygarden Kommune



Utsikta i
Sundskogen

Vetenbu

Storevarden

Austefjorden/
Håkonsundet

Gåsavatnet

Selekletten

Grana

Brotavarden

Haganesfjellet

Høgafjellet

Liatårnet

Pyttane

Skinntikkevarden

Idrettsparken/
Gavlen

Larslibua

Nese

Signalen

Sandeie

Spjeldsfjellet

Havutsikten

Scan qr-koden
og støtt vårt
gode arbeid



Vipps
689652

Namn

Adresse

Alder

Telefon

e-post



Er medlem i DNT lokallag

Alle som har gått minst 10 turar (barn under 6 år minst 7 turar) er med i premietrekninga, men for å vere med i trekninga av hovudpremien må du være DNT-medlem. Hugs å krysse av her. Klippekortet leverast på eit av folkebiblioteka i Øygarden innan 9. mars 2026. Kystpassmerket (pins) delast ut på alle biblioteka. Kystpasset 2026 kjem ut før påske. NB: Pins kan hentast på eitt av folkebiblioteka i kommunen frå januar 2026, dersom du har gått alle 30 turane. Vinnarane vert annonsert på Facebooksida i slutten av mars 2026. Manglar det klippetang, er boka fullskriven eller er det noko anna du vil melde frå om?

Send gjerne epost til oss: sotraoygarden.turlag@dnt.no

Fuglavatnet

Steinsvatnet

Rambua

Kvitingneset

Ormhilleren

Pardalsmyra

Skogsøy

Lislestakken

Gløvrebu

Rubbegarnståna





Grafisk formgjeving: Heidi Fjell Design

KLIPPEKORT

30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!



FØLG OSS GJERNE FOR MEIR INFORMASJON OM
TURAR, PREMIAR OG ARRANGEMENT

Sotra Øygarden Turlag

Facebook: facebook.com/sotraoygarden/

Heimeside: dnt.no/sotra-oygarden

Instagram: instagram.com/sotraoygardenturlag/

Sotra Øygarden Turlag

